

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.03.2016  
Vår ref.: 2015/1393-22  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Revidert drosjereglement for Bergen køyreområde

Fylkesutvalet behandla sak 44/16 om revidert drosjereglement for Bergen køyreområde i møte 25.02.2016. Det vart fatta fylgjande vedtak

*«Fylkesutvalet godkjenner revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde slik det ligg føre i nærverande sak, utan ein reduksjon frå 60 % til 50 % i maksimalt tal på tilknytta løyve i ein sentral. Det reviderte drosjereglementet er ei lokal forskrift og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.»*

Reglementet gjeld frå vedtaksdato og fylgjer vedlagt til orientering. Reglementet vert kunngjort i Norsk Lovtidend og publisert på fylkeskommunen sine nettsider. Ein bed sentralane setja seg godt inn i reglementet.

Som det går fram av reglementet pkt. 4.3. er det ikkje høve til å la reserveløyva køyra utanom trafikktoppar. Sentralen skal sjå til at reserveløyva berre køyrer når dei skal.

I fylgje reglementet pkt. 2.5, fjerde ledd skal kvar drosjesentral ha eigen køyreplan for reserveløyva som løyvestyresmakta skal godkjenne. Bryggen Taxi har sendt inn slik køyreplan. Dei andre sentralane har frist til **1. april 2016** med å levera køyreplan for godkjenning. Har sentralane ikkje levert køyreplan innan fristen, vert dei pålagt å nytta køyreplan utarbeidd av løyvestyresmakta.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*